

Saksnr: 2020/304-17

Saksbehandlar Charlotte Espeland

Dato: 14.08.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken skuleåret 2020-2021

Bakgrunn

Den kulturelle skulesekken (DKS) skal sikre elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur. Ordninga har vore del av regjeringa si kulturpolitiske satsing til born og unge sidan 2001, og i dag får alle elevar frå 1. klasse i grunnskolen til 3. trinn i vidaregåande skole oppleve kunst og kultur av høg kvalitet gjennom DKS.

Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar. Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken Norge har det nasjonale ansvaret for DKS, og fylkeskommunane og kommunane forvaltar ordninga regionalt og lokalt. Kulturtanken fordeler spelemidlar til DKS til fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel der variablane elevtal i grunnskule og vidaregåande skule, geografiske avstandar og infrastruktur inngår. Midlane skal dels nyttast på grunnskulen og dels på vidaregåande skule. Den delen som skal nyttast på grunnskulen er utgangspunkt for fordeling av midlar til kommunane. Bergen kommune er ein direktekommune, og har såleis sjølv ansvar for DKS til elevane i grunnskulen.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok 4. juni prinsipp for fordelinga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2020-2021 (*sak 2020/304-2 – Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken (DKS) for skuleåret 2020-2021*). Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering fekk fullmakt til å fordele spelemidlar til kommunane i Vestland etter prinsippa i saka og tildelingsbrev frå Kulturtanken.

Tildelingsbrev frå Kulturtanken

Førebels tildelingsbrev frå Kulturtanken dagsett 21. november 2019 låg til grunn for sak om prinsipp for fordeling av spelemidlar for skuleåret 2020-2021. Endeleg tildelingsbrev dagsett 25. mai 2020 samsvarar med førebels tildelingsbrev, med nokre tillegg og spesifiseringar.

Tildeling til Vestland fylkeskommune

Ved kongeleg resolusjon av 7. mai 2020 vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Av dette overskotet skal kr 285 000 000 gå til DKS i heile landet.

For skuleåret 2020-2021 er Vestland fylkeskommune tildelt kr 33 238 602 til DKS. Midlane skal dels nyttast til tiltak i grunnskulen og dels i vidaregåande skule med utgangspunkt i følgjande fordeling:

- Grunnskulen: 23,9 mill. Av dette er kr 6 683 508 øyremerkt Bergen kommune, jamfør tildelingsbrev frå Kulturtanken
- Vidaregåande skule: 9,3 mill.

Særskilde føresetnader og krav knytte til koronasituasjonen

Kulturdepartementet legg til grunn at fylkeskommunane og kommunane fortløpende etterkjem helsestyresmaktene sine pålegg og råd i samband med utbrotet av COVID-19.

Departementet opnar for at fylkeskommunane og kommunane nyttar DKS-midlane på alternative måtar for å sikre føremålet med DKS, dersom restriksjonar i samband med koronasituasjonen tilseier det. Det er også mogleg å overføre midlar til 2021, til eksempel dersom ein må avlyse eller utsette turnear. Alternativ bruk av midlane i 2020, eller overføring til 2021, må gjerast i samråd med Kulturtanken. Vestland fylkeskommune er ansvarleg for fordeling av spelemidlar til kommunane i fylket, og alternativ bruk av midlar i kommunane skal gjerast i samråd med fylkeskommunen. Dersom det viser seg at ein større del av tildelte midlar ikkje vert brukte i 2020, kan dette påverke seinare tilskotsutbetalingar.

Digital formidling

I samband med koronasituasjonen har Kulturtanken og fylkeskommunane jobba med digital formidling som alternativ til den fysiske formidlinga. Kulturtanken har på bakgrunn av dette peikt på behovet for ein nasjonal plattform for digital formidling i DKS, og vil jobbe vidare med dette i samråd med fylkeskommunane og Kulturdepartementet.

Fordeling av spelemilder til kommunane i Vestland skuleåret 2020-2021

| | |
|---|---------------|
| Samla tildeling Vestland fylkeskommune. | kr 33 238 602 |
| Del til vidaregåande skule: | kr 9 300 000 |
| Del til grunnskule, inkl. Bergen: | kr 23 938 602 |
| Øyremerka Bergen kommune, grunnskule: | kr 6 683 508 |
| Del til grunnskule når Bergen har fått sin del: | kr 17 255 094 |
| 1/3 av summen til grunnskulen til kommunane: | kr 5 751 698 |
| Sum vidarefordelt til kommunar utanom Bergen: | kr 5 752 000 |

| Kommune | Tildeling skuleåret 2020/2021 |
|---|-------------------------------|
| Alver kommune (Lindås, Meland og Radøy) | kr 494 000 |
| Askvoll kommune | kr 62 000 |
| Askøy kommune | kr 438 000 |
| Aurland kommune | kr 30 000 |
| Austevoll kommune | kr 84 000 |
| Austrheim kommune | kr 43 000 |
| Bergen kommune | kr 6 683 508 |
| Bjørnafjorden kommune (Os og Fusa) | kr 413 000 |
| Bremanger kommune | kr 84 000 |
| Bømlo kommune | kr 204 000 |
| Eidfjord kommune | kr 15 000 |
| Etne kommune | kr 51 000 |
| Fedje kommune | kr 14 000 |
| Fitjar kommune | kr 57 000 |
| Fjaler kommune | kr 71 000 |
| Gloppe kommune | kr 95 000 |
| Gulen kommune | kr 55 000 |
| Hyllestad kommune | kr 17 000 |
| Høyanger kommune | kr 76 000 |
| Kinn kommune (Flora og Vågsøy) | kr 269 000 |
| Kvam herad | kr 133 000 |
| Kvinnherad kommune | kr 259 000 |
| Luster kommune | kr 127 000 |

| | |
|--|---------------|
| Lærdal kommune | kr 33 000 |
| Masfjorden kommune | kr 43 000 |
| Modalen kommune | kr 14 000 |
| Osterøy kommune | kr 152 000 |
| Samnanger kommune | kr 37 000 |
| Sogndal kommune (Balestrand, Leikanger og Sogndal) | kr 172 000 |
| Solund kommune | kr 15 000 |
| Stad kommune (Selje og Eid) | kr 151 000 |
| Stord kommune | kr 250 000 |
| Stryn kommune | kr 134 000 |
| Sunnfjord kommune (Gaular, Jølster, Førde og Naustdal) | kr 344 000 |
| Sveio kommune | kr 100 000 |
| Tysnes kommune | kr 48 000 |
| Ullensvang kommune (Jondal, Odda og Ullensvang) | kr 174 000 |
| Ulvik herad | kr 17 000 |
| Vaksdal kommune | kr 78 000 |
| Vik kommune | kr 68 000 |
| Voss herad (Voss og Granvin) | kr 221 000 |
| Øygarden kommune (Fjell, Sund og Øygarden) | kr 558 000 |
| Årdal kommune | kr 52 000 |
| Total tildeling kommunar inkl. Bergen | kr 12 435 508 |
| Total tildeling kommunar utanom Bergen | kr 5 752 000 |

Vedlegg

- 1 Tidelingsbrev frå Kulturtanken
- 2 Vedlegg 1 til tidelingsbrev
- 3 Vedlegg 2 til tidelingsbrev